

Årsmelding 2015 Birtedalen sti og løypelag



Birtedalen sti og løypelag blei stifta 13.02.15.
Det har vore 5 styremøter og eitt grendemøte.

Saker har vore:

- Høyringsuttale til kommunedelplan næring, landbruk og busetting – vi blei høyrd!
- Grendehuset, stenging av straum, vatn og inventar
- Basar
- Vidare arbeid med løypeplan
 - o Vi har fått 30 000,- til merking av løyper.
 - o Leiv Birger Tovslid, Sigmund Nærum og Stein Helge Lassemo arbeider med dette
- Klage sendt om fylkesveg 401 – til Fylkeskommunen og kommunen
- Grunneigaravtaler – 8 stk underskrivne
- Fleirbrukshall – ingen høyring frå oss
- Kåring av kommunens mest attraktive friluftslivsområde – Åsmund laga innspel
- Handlingsprogram til kulturbygg, idrett og friluftsliv – Ja vi vil vere med vidare
- Innspel til kommunen om delingssøknadar i Birtedalen – kan kommunen ta omsyn til sti og løypeplanen?
- Løypebrev
- Dugnad i løypetraseane
- Innbetaling av løypeavgift, 203 betalande – ei auk på 59 frå 2014!
- Brev til kommunen om å nytte §35 i friluftslova over grunn vi ikkje får grunneigaravtale på.
- Bygdekvinnelaget vil ha arrangement med oss 12.mars
- Entreprenørar i løypa – kven brukar vi?
- Planar for 2016 - brua ved Osen – søkt tilskot
- Planlegging av årsmøte

Laget har ikkje hatt bestemt medlemsavgift eller medlemsliste.

Vi oppmodar folk til å betale løypetilskot på kr 425,-. Alle er velkomne på årsmøte til våren.

Vi hadde aktivitetsdag i skiløypa 22.02.15 der ordførar Skjervagen opna Friluftslivets år 2015. Røde Kors deltok. Skutertur rundt løypa for dei som ynskte det.
Godt oppmøte frå hyttefolk og fastbuande. Lite bygdefolk.

Vi meldte oss inn som Grasrotmottakarar. Pr 31.12.15 hadde vi 9 spelarar.

Logoen har vore bra for oss. Bolle frå Kvipt er gjedd til designaren, Lise Dybekjær

Birtedalen vant kåringa av kommunens mest attraktive friluftslivsområde.

Basaren blei halden 1.august på butikken til Leiv Birger. Suksess! Aase leia komiteen. Det kom inn kr 49 186,-. Utleigg til materiell og mat var kr 5 472,-. Inntektene gjeng til arbeidet med stiar og løyper.

Der har vore 3 dugnader.

Rydding av skog frå Osen og sørover samt trefelling og rydding i Vestobukta.

Laging av bru ved Fjalebubekken.

Lagt rør frå Åraksvadet til Fjalebubekken

122 timar er gått med til dugnadsarbeid på barmark, for å rydde løypetrase.

Elles har hyttefolk gjord mykje frivillig innsats utanom dugnader.

Vi har leigd inn ATSkog og «fangane» for å felle tre langs traseen ved Fjellheim.

Vi har og leigd inn gravemaskin for å lage «bru» over vadet ved Midtjønna og lage trasè nedom Fjellheim mot Kvipt.

Kosnader med dette har vore kr 172 520,-.

Jåmsfjell blei merkt opp på nytt og blei med i ein av toppane med bok i gjennom Fyresdal turlag.

Skiløypene er mykje lettare å køyre nå etter all den innsatsen som er lagt ned i grunnarbeid.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde pr 31.12.15 1051 likarar.